



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2012

## Hovudutvalet for kultur



Foto: Oddleiv Apneseth

# 1. INNLEIING

## 1.1 Måloppnaing/resultatvurdering

Kultursektoren har vore styrt i tråd med kulturstrategien for perioden 2008–2011(forlenga til 2012) og vedteke målekart for kultursektoren 2012.

Nettobudsjettet for kultursektoren var på 63,4 mill. kroner i 2012.

Sektoren forvalta om lag 44,2 mill. kroner i statlege tilskot til andre kulturaktivitetar i fylket (skulesekk, freda bygg, kystkultur, spelemidlar). Det er ein auke på 6 mill kroner frå 2011.

Dei økonomiske og administrative verkemidla skal i aukande grad vere med å utvikle det frivillige og profesjonelle kulturlivet i fylket.

## Knutepunktinstitusjonar og museum

Fylkeskommunen gav Norsk Country Treff, Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i alt 9,5 mill. kroner i stønad i 2012. Gjeldande finansieringsavtale løyser ut 26,1 mill. kroner frå staten og 3,2 mill. kroner frå vertskommunane.

Musea i Sogn og Fjordane fekk i 2012 11,9 mill. kroner i driftstilskot frå fylkeskommunen. Staten gav tilsvarande 23,9 mill. kroner.

Nybygget til Sogn og Fjordane kunstmuseum vart teke i bruk hausten 2012. Ved opninga 8. september var det meir enn 1000 besökjande innom nybygget. Desse fekk med seg både utstilling av kunstnarar frå fylket og utstillingar av andre kjende kunstnarar.

## Barn og unge

Sogn og Fjordane Idrettskrins fekk i 2012 1,25 mill. kroner for å drive og utvikle gode idrettstilbod. Spelemidlane var i 2012 på 27,3 mill. kroner til anleggsutbygging.

Den kulturelle skulesekken er godt etablert i fylket. Alle elevane i grunnskule og vidaregåande opplæring får kulturopplevelingar og rom for utviklande aktivitet innan scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) samla om lag 1200 deltakrar på dei lokale mønstringane i 2012. Fylkesmønstringa var for tredje året på rad lagt til Operahuset på Nordfjordeid. Der deltok om lag 400 ungdommar, 21 av desse deltok på landsmønstringa i Trondheim.

Ungdomspolitisk utval (UPU) valde å utsetje fylkestinget for ungdom i oktober 2012 gå grunn av for få påmeldte frå dei kommunale ungdomsråda.

Ungdomspolitisk utval hadde seks møte i 2012. Viktige saker var planlegging og gjennomføring av nettverkskonferanse og fylkestinget for ungdom, gjennomgang av kontakt og status i fadderråda, tildelingar til kulterkort, skulestruktur i fylket, «sjumilssteget», m.m.

UPU var på fylkestinga i Møre og Romsdal og Hordaland, på ungdomskonferanse om klima og næring i regi av finansminister Sigbjørn Johnsen, studietur til Brussel med Aktiv Ungdom. Dei deltok også på ungdommens storting.

## Prosjekt

Kultur og eldre-prosjektet er tverrfagleg og handlar om heilskapstenking rundt helse hjå eldre, med vekt på samanhengen mellom kulturelt engasjement og helsetilstand.

Gjennom prosjektet "Mosaik" gjev fylkeskommunen i samarbeid med kommunar og mottak kulturtilbod til personar med flyktning- og asylsøkjárstatus.

Fylkesarkivet har ein stor del av sin aktivitet knytt til kulturformidling og bidreg aktivt til å utvike nye tilbod og nå nye grupper. Det er auka pågang frå publikum på alle fagfelt. Fleire tilfelle av driftsbrot på databasetenestene i 2012 har

skapt problem og misnøye hjå brukarar og samarbeidspartar.

Planlegging av fylkesjubileet 2013 kom godt i gang. Arbeidet med fylkessoga er også godt starta i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane

## Sosiale medium

Kulturbloggen hadde totalt 28 blogginnlegg i 2012. Bloggarane er frå i stor grad frå kulturavdelinga i fylkeskommunen, Fylkesbiblioteket, Fylkesarkivet og Musea i Sogn og Fjordane. I tillegg er ein del innlegg frå gjestebloggarar. Nokre av innlegga har skapt debatt og vorte plukka opp av lokale og dels nasjonale medium.

Kultursektoren hadde ved årsskiftet åtte sider på Facebook, med til saman 1565 som likar desse.

## Kulturminne

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. Målet skal nåast gjennom arkeologiske registreringar, tilskot og arbeid med freda bygg og anlegg, fartøyvern, fredingssaker og kulturminne frå nyare tid.

Kvernsteinsbrota i Hyllestad kan verte den tredje verdarvstaden i Sogn og Fjordane. Norsk kvernsteinsenter vart i 2012 vedteke konsolidert med Musea i Sogn og Fjordane.

Prosjektet lokale kulturminneplanar starta i 2012, målet er at alle kommunane i fylket skal delta. Ved årsskiftet hadde så godt som alle kommunane komme i gong med i dette arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok i fleire internasjonale prosjekt i 2012. THING og Coast Alive vart ferdigstilte.

«Kongevegen over Filefjell» vart tatt opp i verdiskapingsprogrammet til Riksantikvaren. Målet er å knyte saman ein elleve mil lang turveg mellom Lærdalsøyri i vest og Vang i Valdres i

aust. Prosjektet er del av reiselivssatsinga på begge sider av fjellet.

## Organisatorisk utvikling og effektivisering

Evalueringa av fylkesmusikarordninga vart følgt opp med ein rapport som hovudutvalet for kultur vedtok i september 2012.

Fylkeskommunen vil på sikt gjere ordninga om til ei distriktsmusikarordning.

Fylkeskommunen har inngått eit forpliktande samarbeid om bibliotekutvikling med kommunane. Arbeidet skal styrke rolla til fylkesbiblioteket som kompetansesenter og regional utviklingsaktør. Det er inngått avtale om transportordning mellom 24 kommunar, fylkeskommunen og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Meir bruk av videokonferanse er eit miljøtiltak og gjev også innsparing i reisetid. I tillegg er det gjennomført tiltak for å betre kvaliteten på enkelttenester. Organisasjonen deltek i arbeidet med å bli betre på å handtere søknader om tilskot. Tenestene blir evaluerte årleg. For å hindre at søknader skal falle mellom stolar er det oppretta faste drøftingsmøte med andre avdelingar. På den måten skal søkerane bli kanaliserete dit dei passar best. Elektroniske søknadsskjema er tekne i bruk med gode resultat.

## Kurs og møteverksemnd

Fylkeskommunen har gjennomført dialogmøte mellom Norsk Kulturråd og kunst- og kulturaktørar i Sogn og Fjordane. Målet er å gjere verkemidla til Norsk Kulturråd betre kjende for potensielle søkerar i fylket.

Vi har gjennomført fleire kurs i å skrive søknader i samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, bispedømerådet og Norsk Kulturminnefond. Målet er å gjere ulike ordningar betre kjende for kulturlivet i fylket og auke kompetansen i å utforme gode søknader.

Konferansen «Kunst i bristepunktet mellom bygda og verda» sette sørkjelys på kåra til kunstnarane i fylket. Konferansen «Musikk i kyrkja» bidrog både til å drøfte kyrkjerommet som kulturarena og musikktilbodet i kyrkja.

Det er i 2012 gjennomført to kurs for tilsette i kunst- og kultursektoren med tanke på produksjon av relevant stoff for Wikipedia.

## Nynorsk

Rapporten «Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012» var grunnlag for sak i fylkestinget om «Nynorsksatsing i Sogn og Fjordane». Eit nynorsk forum i Sogn og Fjordane er etablert som eit nettverkssamarbeid mellom offentlege, frivillige og private organisasjonar.

Sogn og Fjordane fekk prisen Årets nynorskkommune 2012. Prisen vert delt ut av kommunal- og regionaldepartementet.

## Fylkestingssaker

Dei viktigaste fylkestingsakene dette året:

- Nynorsksatsinga.
- Filmsatsinga for perioden 2012–2014. Dette er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Vestnorsk filmsenter, filmkommisjonen og filmfondet FUZZ.
- Sak om Selje kloster og oppfølgjing av utviklingstiltak
- Sak om fellesmagasin for musea og formidlingsbygg på tusenårsstaden Gulatingsletta.

## Oppfølgjing av politiske vedtak

Det er ikkje registrert avvik i vedtaksoppfølgjinga i 2012.

## **2. HOVUDUTVAL FOR KULTUR - POLITISK STYRING**

Hovudutval for kultur har det politiske ansvaret for kultur. I 2012 vart det handsama 67 ordinære saker fordelt på 7 møter.

### **2.1. Medlemmar i 2012**

- Nils Gjerland, leiar
- Jan Olav Fretland, SV, nestleiar
- Torbjørn Vereide, Ap
- Eva Hage Solstad, Ap
- Anita Nybø, Sp
- Liv Stave, H
- Trude Brosvik, KrF
- Marit Barsnes Krogsæter, V
- Svein Hansen, Frp (fritak frå mars 2012)

Varamedlemmer som har møtt:

- Stig Ove Ølmheim, Ap (møter for Svein Hansen, Frp)
- Olaug Solheim Rotihaug, Ap
- Harald Bjarte Reite, Ap
- Randi Rønneklev Melvær, Sp
- Hilde Kvamsås Aa, SV
- Bjarne Holme, Frp

### **2.2. Gjennomføring av hovudutvalsmøta**

Med unntak av fastlagde møtedatoar knytt opp mot politikardagar, vert møta i hovudutvalet lagde til kommunar og større kulturinstitusjonar i fylket.

Hovudutval for kultur var i april på besøk til Gloppen kommune der utvalet fekk orientering om kultursatsinga i kommunen. Utvalet fekk og orientering om Norsk Country Treff, Musea i Sogn og Fjordane og omvising i Trivselshagen, Sandane.

I juni var utvalet på besøk til Fjaler kommune. Utvalet fekk der orientering om kultursatsingane i Askvoll kommune og Fjaler kommune. I tillegg var utvalet på omvising på Nordisk Kunstnarcenter, Dalsåsen, Transplant og PreForm.

I august vart møtet lagt til Fjærland med orienteringar frå Sogndal kommune og omvising på Norsk Bremuseum og Bokbyen.

Hovudutvalet har elles blitt orientert om Hafstad Idrettspark og Den kulturelle skulesekken og fått omvising i det nye Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

### **2.3. Fylkestingssaker frå kultursektoren**

- Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2012 - 2014
- Nynorsksatsing i Sogn og Fjordane
- Selje kloster – oppfølging av utviklingstiltak
- Revidering av delegerings- og innstillingsreglementet
- Formidlingssenter Gulatingset og Fellesmagasin for musea
- Budsjett 2013 / økonomiplan 2013-16

### **2.4. Saker som har vore handsama i hovudutval for kultur i 2012**

- Verdiskaping på kulturminneområdet
- Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2012
- Styringsgruppe for fylkessoge for Sogn og Fjordane – deltaking frå fylkeskommunen
- Oppnemning av medlemmer til styre for stiftinga Singerheimen 2012 – 2015
- Sogn og Fjordane Teater – val til mytt styre
- Osmundnes i Gloppen kommune – framlegg om freding
- Kommunesatsinga – lokale kulturminneplanar
- Utgreiing om satsinga på folkemusikk
- Endring i lov om folkebibliotek

- Hafstadparken i Førde kommune – søknad om medfinansiering
- Melodi Grand Prix 2013 – delfinale i Florø
- Samarbeidsavtale mellom UKM Norge og UKM Sogn og Fjordane
- Riksantikvarens fredingsstrategi
- Forprosjekt, Pilegrimsleia fra Rogaland – Nidaros
- Kongevegen over Filefjell. Deltaking i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram.
- Desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg – oppstart av arbeidet med nye fylkeskommunale retningslinjer
- Innspel til Kulturutredningen 2014
- Utkast om lov om Norsk Kulturråd - høyring
- Framdriftsplan for evaluering av Bokbåten

## **2.5. Ordinære tilskotsmidler 2012**

- Tilskot til Musea i Sogn og Fjordane
- Tilskot til fartøyvern
- Statstilskot til freda bygg, kystkultur, kulturmiljø og verdsarv
- Kulturmidlar – fordeling av tilskot til kulturorganisasjonar, knutepunktinstitusjonar og diverse kulturtiltak
- Kulturutviklingsmidlar
- Kulterkort for ungdom
- Spelemidlar til idrettsanlegg i kommunane og tilskot til lokale kulturbrygg

### 3. BUDSJETT OG REKNESKAP

I 2012 brukte fylkeskommunen 63,104 mill kroner netto til kulturføremål. I tillegg kjem prosjektretta tiltak gjennom ekstern finansiering. Kulturavdelinga sitt løns- og driftsbudsjett er lagt til forvaltning og er ikkje med i tabellen. Det

same gjeld budsjettet for hovudutvalet sin aktivitet. Oversikta viser fylkeskommunen sitt bidrag til ulike deler av kulturlivet i 2012.

Teneste	B-2011	R-2011	B-2012	R-2012
	Netto	Netto	Netto	Netto
<b>Tilskot til lag og organisasjoner</b>	10 940	10 800	10 720	10 615
<b>Utviklingstiltak</b>	3 500	3 446	3 500	3 678
<b>Bibliotekføremål</b>	5 827	6 412	6 206	6 119
<b>Arkivføremål</b>	7 426	7 550	9 793	10 021
<b>Kulturminnevern</b>			1 119	1 066
<b>Museum</b>	13 247	13 247	13 447	13 477
<b>Knutepunktinstitusjonar</b>	9 149	9 159	9 649	9 599
<b>Kulturformidling</b>	8 368	8 202	8 956	8 529
<b>Samla</b>	<b>58 457</b>	<b>58 816</b>	<b>63 390</b>	<b>63 104</b>

**Statlege/eksterne tilskot** forvalta av hovudutval for kultur er ikkje vist i tabellen. I 2012 utgjorde dette 44,2 mill kroner knytt på følgande område:

<b>Freda bygg og anlegg</b>	4,0 mill kroner
<b>Kystkultur</b>	1,1 mill kroner
<b>Verdsarv</b>	1,3 mill kroner
<b>Den kulturelle skulesekken</b>	5,7 mill kroner
<b>Skulekonsertar</b>	1,5 mill kroner
<b>Spelemidlar</b>	27,2 mill kroner
<b>Lokale kulturbrygg</b>	3,4 mill kroner

#### Vurdering:

Kulturmiddlene er eit viktig bidrag til ulike kultursatsingar i fylket og søknadsmassen var stor i forhold til disponible midlar. Løyvinga til organisasjonar og større tiltak var i 2012 på same nivå som tidlegare år. Ved tilskotsfordelinga vart det lagt vekt på føringar frå kulturstrategien med hovudprioritering på kulturaktivitet til barn og unge. Tilskot til aktivitet vart prioritert framfor drift.

#### Tilskot til frivillig arbeid

Tabellen viser hovudutval for kultur si fordeling av 10,720 mill kroner i tilskot til lag og

Tilskota vart fordelt slik:

<b>Fylkesdekkande kulturorganisasjonar</b>	<b>2 975</b>
<b>Festivalar</b>	<b>670</b>
<b>Ungdomens kulturmønstring/UPU</b>	<b>700</b>
<b>Arrangement/ymse tiltak</b>	<b>2 615</b>
<b>Kunstnarstipend/kulturpris</b>	<b>160</b>
<b>Kulturhus</b>	<b>3 600</b>
<b>SUM</b>	<b>10 720</b>

## **4. FYLKESKULTURPRISEN 2012**

Fylkeskulturprisen 2012 vart tildelt Bremanger Musikklag. Prisen som var på kr 50 000 og eit diplom vart overrekt prisvinnaren på Fylkestinget i desember.



*Prisvinnarane ved utdelinga på Fylkestinget i desember 2012 saman med fylkesordførar Åshild Kjelsnes.*

*Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune*

## **5. ADMINISTRASJON**

Kultursektoren i fylkeskommunen femner om kulturavdelinga og dei tre kulturinstitusjonane Fylkesbiblioteket, Fylkessenteret for musikkterapi og Fylkesarkivet. I 2012 var det 25 personar fast tilsett ved kulturavdelinga. 3 personar var i 2012 inne som vikarar på grunn av permisjonar.

Ved fylkesarkivet er det tilsett 11 personar, medan 8 personar har sitt virke ved Fylkesbiblioteket. 3 personar arbeider ved Fylkessenteret for musikkterapi. I 2012 fekk kulturavdelinga tilsett trainee for eit år. Traineen arbeider i hovudsak med prosjektet lokale kulturminneplanar.

## **6. UTVIKLINGSARBEID**

Utviklingsperspektivet er førande for all aktivitet i kultursektoren. Mykje av innsatsen er knytt til rettleiing til kommunar, organisasjonar og andre aktørar som arbeider lokalt/regionalt.

### **6.1. Kompetanseheving hos kommunar og organisasjonar**

Det har vore eit mål å arbeide for å auke kulturtilsette i kommunane sin kompetanse innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for arbeidet med lokal kulturutvikling knytt til bulyst, stadsutvikling, omdømebygging, spelemidlar m.m.

I samarbeid med Norsk kulturforum vart det arrangert fagdag om planleggingsmetoden Cultural planning. 10 kommunar deltok. Cultural planning er eit mobilisering og kartleggingsverktøy innan samfunnsplanlegging. Vi går no vidare med eit 2-årig pilotprosjekt med Cultural planning der 6 kommunar i Sogn og Fjordane deltek. Piloten vert omfatta av følgeforsking av NIBR.

### **6.2. Utviklingsavtalar med frivillig sektor**

Fylkeskommunen har eit regionalt fokus og er ein utviklingsaktør. Det er ein kvalitet i Sogn og Fjordane å ha eit mangfold av organisasjonar. Frivillig sektor er, gjennom kontinuerleg organisasjonsarbeid og aktivitetsutvikling, ein stor og viktig aktør i Sogn og Fjordane.

Plan og samfunnsavdelinga og Kulturavdelinga arbeider saman om å utvikle og forsterke samhandlinga med frivillig sektor gjennom utviklingsavtaler. Dette er også eit ledd i arbeidet med å følgje opp Regional planstrategi. Det gjeld særleg følgjande strategiar:

- Styrke utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse

- Styrke rolla til frivillig sektor - lokalt og regionalt

Organisasjonane har kompetanse som er viktig for fylkeskommunen og vice versa. Saman skal ein finne samarbeidsformer som gjer at komplementær kompetanse vert nytta og utvikla til beste for begge partar og for samfunnsutviklinga.

### **6.3. Nynorsk forum**

Etablering av Nynorsk forum i Sogn og Fjordane er forankra i fylkestingsvedtak i sak 21/12 Nynorsk satsing i Sogn og Fjordane.. Det første møte i Nynorsk forum i Sogn og Fjordane vart gjennomført på Skei 09.11.2012. Det møtte 17 deltakrar frå 12 organisasjonar.

Nynorsk forum i Sogn og Fjordane har som føremål å samle strategisk viktige samfunnsaktørar i fylket til å drøfte korleis vi kan styrke arbeidet for klårt og godt språk generelt og for nynorsk spesielt i fylket. Forumet vert leia av Jan Olav Fretland, nestleiar i Hovudutvalet for kultur.

### **6.4. Publikumsarbeid**

I Fylkestinget juni 2012 vart det stilt spørsmål om formidlingsarbeid i musea. Hovudutval for kultur vart utfordra til å ta opp denne saka og komme tilbake til fylkestinget med ei eiga sak om dette. Perspektivet vart utvida til alle store aktørar i Sogn og Fjordane.

Arbeidet er følgt opp med dialogmøte om publikumsarbeid i Sogn og Fjordane – med fokus på møteplassen mellom aktørane og ide- og erfaringsutveksling mellom desse. Følgjande institusjonar deltok, saman med representantar for fylkeskommunen:

- Førdefestivalen
- Sogn og Fjordane teater

- Norsk Country Treff
- Opera Nordfjord
- Musea i Sogn og Fjordane

Som del av det vidare arbeidet vil vi også finne ut kva som er den faktiske situasjonen blant institusjonane i Sogn og Fjordane sett i høve til landet elles, og analysere om det er særlege forskjellar i høve oppslutning/bruk av kulturtilboda. Her vil innspel frå dei deltagande aktørane vere sentrale, saman med statestikk frå kulturdepartementet og SSB. Arbeidet skal danne bakgrunn for sak til Fylkestinget 2013.

## **6.5. Coast Alive**

Coast Alive-prosjektet vart avslutta i oktober 2012. er eit interregprosjekt som legg vekt på å Gjennom Coast Alive er det gjennomført aktivitetsdagar, geocaching, produksjon av film og utplassering av turbokassar. Målet med prosjektet har vore å bruke turløyper i folkehelse-arbeidet, småskala etableringar knytte til turløyper og klimaendringar sine følgjer for kulturminna våre. Noreg, Sverige, Danmark, Nederland og Storbritannia deltek. Hordaland fylkeskommune har vore prosjektleiar.

## **6.6. Regional planstrategi 12 - 16**

Regional planstrategi vart vedteke hausten 2012. Det overordna målet er å auke folketalet i perioda. Viktige strategiar for å nå målet er:

- Styrke utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse
- Styrke frivillig sektor si rolle lokalt og regionalt
- Styrke merksemd om bruk av natur og kulturarven som verdiskapar
- Styrke kompetanse og utdanning med basis i lokale og regionale behov

Arbeidet med regional plan for fysisk aktivitet har si forankring i fylkestinget sitt vedtak om regional planstrategi.

## **6.7. Bulyst**

Kommunal- og regionaldepartementet har i dei siste åra lyst ut tilskotsordninga Bulyst. I Sogn og Fjordane har mange gode kulturtiltak vunne fram og fått statleg og fylkeskommunalt tilskot.

Det var ingen «kulturprosjekt» som fekk bulystmidlar i 2012.

I 2011 fekk PreForm i Fjaler midlar til å vidareutvikle eit fagmiljø som gjer kunstprodusentane i Fjaler attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden. Ein skal skape infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler, utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta og å styrke Fjaler sitt omdømme.

Prosjektet Huset i Bygda, eigd av Sogn og Fjordane ungdomslag skal utvikle dei organisasjonseigde kulturygga til å verte kulturelle fyrtårn i lokalsamfunna, for å skape aktivitet, kreativitet, glede og bulyst. Prosjektet vart avslutta i 2012 som bulystprosjekt og vert vidareført i organisasjonen.

Ungdomsprosjekt i Lærdal fekk også Bulystmidlar utanom fylkeskommunal prioritering. Fylkeskommunen gir ikkje tilskot til dette prosjektet, men det vert følgd opp av Kulturavdelinga.

Saman med VAKN-prosjektet som fekk bulystmidlar i 2010 er dette eit variert utval av prosjekt som testar ut kultur som næring på ulike måtar. Erfaringane ein skaffar seg gjennom desse prosjekta vil kome kultursektoren i Sogn og Fjordane til gode på sikt.

## **6.8. Film**

Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2012 - 2014 vart vedteke av fylkestinget i april. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil arbeide aktivt for å styrke det audiovisuelle miljøet og næringa i Sogn og Fjordane. Styrkinga skal skje i samarbeid med Vestnorsk filmsenter (VF), Western Norway Film Commission (WNFC), FUZZ og det audiovisuelle miljøet i fylket.

Samtidig vart det vedtek at Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i utarbeiding av Filmmelding for Vestlandet og ein skal utarbeide ei filmmelding for Sogn og Fjordane innan 2014. Sogn og Fjordane fylkeskommune har gått inn i styret for Vestnorsk filmsenter. Som styremedlem for perioden 2012 – 2014 vart Hilde Kvamsås Aa vald.

### **6.9. Grunnlovsjubileet 2014**

Fylkestinget har peika på at tusenårsstaden Gulatingset må løftast inn mot den nasjonale markeringa for å vise dei demokratiske styringstradisjonane i Norge som går mykje lenger tilbake enn til Grunnlova og 1814. I 2012 er det arbeidd vidare med konkretisering av markeringane.

### **6.10. Kunstdebatt**

Kulturavdelinga arrangerte i april konferansen «Kunst i bristepunktet mellom bygda og verda». Der vart utfordringar og sjansar med det å vere kunstnar her i fylket drøfta. Konferansen er eit treffpunkt for kunstnarar, kulturbyråkratar, politikarar, næringsliv og organisasjonar. Eit av tema som vart tatt opp var korleis vi kan få fleire profesjonelle kunstnarar til å busetje seg i Sogn og Fjordane. Som ei følge av konferansen har det offentlege ordskiftet innan kultur i 2012 hatt fokus på kunst og kunstformidling. Private debattantar og representantar for institusjonane i Sogn og Fjordane har drøfta kunsten sin betydning og rolle i lokalsamfunna og som identitetsbyggar.

### **6.11. Knutepunktstatus til Norsk Country Treff**

Norsk Country Treff hadde sitt første år som knutepunktfestival i 2012. Samstundes som det vart arbeidd vidare med å utvikle den musikalske delen av festivalen, var det også stort fokus på ei organisering som kan ivareta knutepunktoppdraget på ein god måte.

### **6.12. Utviklingsmidlar**

Midlane til utviklingsarbeid går til sokjarar som gjennom prosjekt og satsingar ønskjer å bidra til nyskaping og utvikling, samt å fremje og utvikle spennande og dristige kultursatsingar. Midlane må vere ein del av ei felles satsing der og andre finansieringskjelder vert nytta. Det er sett krav om at tiltaka må halde høgt kvalitatativt nivå. Målsettinga er at fylkeskommunen saman med lokale, andre regionale, statlege og private aktørar elles, skal vere med å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i Sogn og Fjordane.

I 2012 vart det gitt kr 3,5 millionar i tilskot til kulturutviklingstiltak fordelt på 29 prosjekt. Av dette var 20 nye prosjekt og 9 vidareførte frå 2010. 4 av desse er fylkeskommunale: Kulturtort for ungdom, Stipendordning, Thing, og Coast Alive. I tillegg vert 4 kulturminneprosjekt finansiert gjennom utviklingsmidlar; Norsk kvernsteinsenter, Kongevegen over Filefjell, Klosterruinprosjektet i Selje og Kystpilgrimsleia Rogaland – Nidaros. 6 søknader fekk avslag.

Dei innkomne søknadane viser stor variasjon i innhald, omfang og geografisk plassering. Nokre har høg grad av nyskaping og utvikling i seg, medan andre legg vekt på historiske, pedagogiske og andre formidlingsformer i sine uttrykk. Fleire av tiltaka kan sjåast på som næringsutvikling, eller ligg i grensa mellom kulturutvikling og samfunns- og næringsutvikling. Samla viser omfanget og innhaldet eit omfattande samfunnsbidrag i vår region, og ein ser at utviklingstiltak innan kultur er ein sterk bidragsytar til lokal samfunnsutvikling.

## **7. IDRETTSANLEGG OG LOKALE KULTURBYGG**

### **7.1. Idrettsanlegg**

#### **Samarbeid med kommunane**

Kulturavdelinga arrangerte hausten 2012 ei felles dagsamling om spelemiddelordninga for kommunane. Hovudtema var idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og gjennomgang av nye moment, innspel til føresegner og Idrettsmeldinga «Den norske idrettsmodellen».

Av 26 kommunar møtte 20 på samlinga. Målet med samlinga var å auke kommunane sin kompetanse på handsaming av spelemiddelsøknader, og utveksle erfaringar.

Stryn og Vik har revidert sine kommunale planar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i 2012, medan Naustdal, Gauldalen og Fjaler har i overgangen til 2013 hatt sine planar til godkjenning hos fylkeskommunen.

#### **Spelemidlar**

Dei siste åra har kvaliteten på spelemiddelsøknadane auka. Likevel er talet på underkjende søknader for høgt. I 2012 vart 31 av 219 søknader til ordinære anlegg underkjende, dvs. ca. 40 % av søknadane. I 2011 var talet 21 %. Likevel er det framleis eit stort potensiale i å betre kvalitetssikringa i kommunane. Dette skjer ved at mange søknadar må rettast på etter at dei er komne inn til fylkeskommunen. Dette krev fleksibilitet og er arbeidskrevjande. Ei ytterlegare betring vil difor verka effektiviserande. Det gjer vi ved å halde fram med tilbod om kurs og samlingar.

#### **Tilskotsordningane – spelemidlar**

##### *Nærmiljøanlegg, forenkla ordning:*

Gjennom 2012 har vi motteke 7 søknader, og innan årsskiftet har 6 av desse fått tildeling av midlar. Rammetilskotet frå staten var i 2012 på kr 190 000.

##### *Nærmiljøanlegg*

Det kom inn 53 søknader, 38 av desse vart godkjende, og 17 fekk tilskot. Samla godkjend søknadssum var kr. 7 187 000. Rammetilskotet frå staten var kr 2 989 000. I 2012 fekk fylket 32,2 % av innmeldt behov. I 2011 var prosentdelen 40,5 % av innmeldt behov. Bakgrunnen for nedgangen er blant anna at staten har redusert avsetjinga til nærmiljøanlegg frå kr. 70 mill. i 2010 til kr. 52 mill. i 2011. Tal søknader og søknadssum til ordninga aukar i Sogn og Fjordane.

##### *Ordinære idrettsanlegg*

Til denne stønadsordninga kom det inn 166 søknader. Det er ein auke på 31 søknader frå året før. Desse hadde ein samla godkjend søknadssum på kr. 130 884 000 som vart kr. 22 755 000 høgare enn i 2011. Rammetilskotet frå staten var kr. 27 280 000. Rammetilskotet, rentemidlar og inndregne midlar vart fordelt på 58 prosjekt. Tildelinga til 15 av desse prosjekta var styrt av fylkesdelplanen, og 43 var styrt av kommunale planar. Tildelingsprosenten frå staten var 19,6 % av innmeldt behov. Dette er 1,0 % lågare enn i 2011. Med ein samla godkjend søknadssum på kr 130 884 000 og eit rammetilskot på kr 27 280 000 er gjennomsnittleg ventetid framleis 5 år. Det er noko lenger ventetid på anlegg som vert styrt av Fylkesdelplanen. I 2012 utgjorde anlegg styrt av fylkesdelplanen 55,4 % av ramma, og 44,6 % vart tildelt anlegg styrt av kommunale planar, mot 74,4 % av og 25,6 % i 2011.

**Tilskot til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – spelemiddelsordninga 2012**

	2011	2012	Prosentvis endring
<b>Søknader forenkla ordning</b>		7	
<b>Rammetilskot forenkla ordning</b>		190.000	
<b>Søknader nærmiljøanlegg</b>	40	53	+24,5
<b>Godkjende søknader nærmiljøanlegg</b>	25	38	+34,2
<b>Søknadssum nærmiljøanlegg</b>	4.909.000	7.187.000	+31,7
<b>Rammetilskot nærmiljøanlegg</b>	2.000.000	2.989.000	
<b>Innvilga søknader nærmiljøanlegg</b>	10	16	+37,5
<b>Tidelingsprosent nærmiljøanlegg til Sogn og Fjordane etter innmeldt behov</b>	40,7 %	32,2 %	
<b>Rentemidlar nærmiljøanlegg</b>	400.000	38.000	
<b>Søknader ordinære anlegg</b>	135	166	+18,7
<b>Godkjende søknader ordinære anlegg</b>	108.129.000	130.844.000	+17,4
<b>Søknadssum ordinære anlegg</b>			
<b>Rammetilskot ordinære anlegg</b>	20.797.000	27.280.000	
<b>Innvilga søknader ordinære anlegg</b>	27	58	
<b>Tidelingsprosent ordinære anlegg til Sogn og Fjordane etter innmeldt behov</b>	20,6 %	19,6 %	-1,0
<b>Rentemidlar ordinære anlegg</b>	590.000	568.000	
<b>Forventa ventetid søknader</b>		Ca. 5 år	
<b>Anlegg styrt av fylkesdelplan</b>	74,4 %	55,4 %	
<b>Anlegg styrt av kommunedelplanar</b>	25,6 %	44,6 %	
<b>Inndregne midlar</b>	564.000	257.700	-53,3

## **7.2. Kulturbygg, desentralisert ordning**

I 2012 var det to handsamingar for denne ordninga, ei på våren med søknadsfrist 1.04.12 og ei på hausten med søknadsfrist 1.11.12. Søknadsrunda på hausten var for søkerar som ikkje fekk godkjent sin søknad i fyrste handsaming, og fekk mogelegheit til å rette opp søknadane for ny vurdering. Søknadane skulle for fyrste gong sendast inn elektronisk via [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no).

Det kom inn 12 søknader innan fristen 01.04 i 2012. 7 søknadar kunne ikkje godkjennast for tilskot, og tre av søkerane vart oppmoda om å rette opp manglar i søknadane og levere dei til ny handsaming hausten 2012. Samla godkjend søknadssum for 2012 var kr 3 332 000, fordelt

på kr 3 080 000 på våren og kr 252 000 på hausten.. Rammetilskotet frå staten var kr 3 433 201.

Etter tildeling til 7 prosjekt stod det att kr 101 201 av rammetilskotet frå staten for 2012, i tillegg til kr 51 629 i rentemidlar frå 2011, totalt kr 152 830. Dette vert lagt til ramma til fordeling i 2013.

Den regionale tilskotsordninga vart frå 2010 overført frå Kulturdepartementet til fylkeskommunane. Auke i tilskotet var forventa frå 2012 / 2013, og rammetilskotet frå staten var i år kr 1 717 479 høgare enn i 2011.

## 8. MUSIKK

*"Kunst, kultur og kulturarv er identitetsskapande, og medverkar til å gjøre oss medvitne om kven vi er og kvar vi kjem ifrå." (Stortingsmelding nr. 8)*

### 8.1. Fylkesmusikarordninga

I 2012 har følgjande musikarar vore tilsette: Elin Grytting, song/kveding, Vidar Underseth, hardingfele/fele/dans, Sigmund Eikås, hardingfele, Oddbjørn Ramstad, trekkspel og Synnøve S. Bjørset, hardingfele. Sistnemnde har studiepermisjon frå hausten 2012.

Fylkesmusikarane driv både undervisning, instruksjon og utøving, og har faste brukarar innan både offentleg, privat og friviljug sektor. Målsetjinga til fylkesmusikarordninga er å ta vare på å vidareutvikle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane. Ei slik målsetjing dannar eit viktig grunnlag for å ivareta den immaterielle kulturarven vår, og rettar samstundes blikket framover slik at også nye brukargrupper skal kunne få ta del i dette rike kulturfeltet.

Arbeidet til folkemusikarane er særskilt viktig med tanke på rekruttering av barn og unge, og denne innsatsen som tradisjonsberarar og formidlarar har ført til ein stabil tilvekst på yngre, dyktige folkemusikkutøvarar frå Sogn og Fjordane som har markert seg i ei rekke ulike samanhengar. Det er gledeleg for fylkeskommunen å ha medverka til denne utviklinga, som har gjeve nasjonale ringverknader i tillegg til å vere bidragsytarar i det lokale folkemusikkmiljøet.

Evalueringa av fylkesmusikarordninga som vart gjennomført i 2010 vart i 2012 følgt opp med ein rapport om vegen vidare for folkemusikarordninga. I arbeidsgruppa som utarbeidde rapporten var både Folkemusikkklaget, Sogn og Fjordane musikkråd, Kulturskulerådet, Førdefestivalen, musikarane og fylkeskommunen representert. Rapporten vart vedteken av hovudutval for kultur i september 2012, og skal følgjast opp med ein framdriftsplan for

iversetting av ulike tiltak. Framlegget går ut på at fylkeskommunen på sikt omorganiserer fylkesmusikarordninga til ei distriktsmusikarordning. Kommunane vil då kunne opprette folkemusikkstillingar med fylkeskommunal tilskot. Dette vil kunne styrke familjøet og folkemusikken sin status i kulturskulane, samstundes som at fylkeskommunen får ei klarare rolle som utviklingsaktør på folkemusikkfeltet.

I 2012 gjennomførte fylkesmusikarane ei rekke ulike tiltak og prosjekt, både faste instruksjonsoppdrag, turnear (m.a. i Den kulturelle skulesekken) og undervisning (m.a. i Indre og Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord). Fylkesmusikarane gjennomførte i 2012 nye konserter i formatet "Tett på", eit intimt konserformat for det nære musikalske møtet. Barnehagekonsertprogrammet "Røysekattrumpa og dei knisande geitene" var på turné i tre veker. Samla stillingsressurs for folkemusikarane var våren 2012 på 3,6 stillingar, etter nedgangen i 2010 på 0,5 stilling. Frå hausten 2012 var stillingsressursen 3,1 stillingar etter at ein av musikarane fekk studiepermisjon.

I 2012 vart det vedteke å stille ressursar til disposisjon for å arrangere ei folkemusikkveke i Sogn og Fjordane. Dette er eit nytt tiltak. Kommunane Hornindal, Luster, Gloppen og Fjaler sökte om å få vere vertskap for folkemusikkveka 2013, og etter handsaming av gode søknader vart Fjaler kommune inviterte til å vere vertskap for folkemusikkveka i 2013.

### 8.2. Skulekonsertrordninga

Rikskonsertrane si skulekonsertrordning tilsvrar musikkdelen i Den kulturelle skulesekken, og vert i Sogn og Fjordane gjennomført i samsvar med avtale mellom Rikskonsertrane og fylkeskommunen. Skulekonsertrordninga er forankra i avtaledokument som legg premissane for fylkeskommunen sitt arbeid på dette feltet, mellom anna når det gjeld nye produksjonar og dokumentasjon. Ei viktig målsetjing for skulekonsertrane er å skape gode musikalske møte mellom profesjonelle utøvarar og

skuleborn, å ”berøre, overraske og begeistre” som det heiter i Rikskonsertane sin visjon. Dette er ei ambisiøs målsetjing når ein tenkjer på det store sjangermangfaldet ein har ansvar for å formidle. Då er det gledeleg å få gode tilbakemeldingar frå skulane, noko som er ein viktig føresetnad for å kunne oppretthalde ein god dialog om dette unike konserttilbodet.

I 2012 vart det gjennomført 6 skulekonsertturnear i fylkeskommunen sin regi, i tillegg til tilsvarande 6 produksjonar produsert av Rikskonsertane. Målgruppa er elevar i grunnskulen frå 1. til 10. klasse.



*Skulekonserten "Trio på tur", frå v: Joakim Anselmy, piano, Dora David, fløyte og Bjørn Giske Seter, song. Foto: Øyvind Lyslo*

### 8.3. Pilotprosjekt med kombinerte turnear

I 2011 vart det bestemt at den offentlege konsertverksemda til Rikskonsertane skal leggast ned med verknad frå hausten 2012. Sogn og Fjordane er med i eit pilotprosjekt som skal sjå nærmare på utvikling av nye konsertmodellar som skal fungere som eit supplement til den eksisterande skulekonsertordninga og utforske nye konsertarenaer i fylket, med mogleg fleir bruk av turnerande musikarar som utgangspunkt.

### 8.4. Barnehagar

#### *Samarbeidet med Rikskonsertane om barnehagekonsertar*

Våren 2012 stod produksjonen ”**Med huldrø og troll i dur og moll**” med Unni Løvlid på programmet etter at den hadde si første turnérunde hausten 2011. Hausten 2012 var det fylkesmusikarane Synnøve S. Bjørset og Elin Grytting som var ute på si andre runde med barnehageprogrammet ”**Røysekattrumpa og dei knisande geitene**”. Kostnadene med ordninga med barnehagekonsertar vert delt likt mellom Rikskonsertane og fylkeskommunen. Utfordringa her er å få kontakt med barnehagane som ynskjer å vere med i ordninga slik at ein kan få eit oversyn over storleiken på behovet for dette konserttilbodet.

#### *Distriktsmusikarordninga*

Distriktsmusikarane har medverka i fleire større og mindre musikkprosjekt i 2012, både i eigen regi og i samarbeid med andre kulturaktørar, som t.d. Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane symfoniorkester. Fylket sine 15 distriktsmusikarstillingar dekkjer eit stort spekter av instrument og er med på å sikre musikklivet i fylket tilgang på profesjonelle musikkrefreter for å kunne gjennomføre ulike konsert- og satsingsprosjekt.

#### *Fylkeskvoten*

I samsvar med samarbeidsavtalen med vertskommunane for distriktsmusikarordninga, disponerer fylkeskommunen 10 dagar pr. distriktsmusikar pr. halvår. Denne ressursen vert nytta til større prosjekt av meir fylkesfemnande karakter. Ulike arrangørar i fylket kan søkje om å få nytte distriktsmusikarane til større fylkesdekkande prosjekt. I 2012 vart fylkeskvoten nytta til m.a. Sogn og Fjordane symfoniorkester, Opera Nordfjord og Åmot Operagard som er ein ny brukar av ordninga.

## **8.5. Sogn og Fjordane symfoniorkester**

Sogn og Fjordane symfoniorkester har årlege konsertprosjekt som er ein verdfull arena for både unge og gamle amatørar og profesjonelle som ynskjer å spele i eit symfoniorkester.

Etableringa av fylkesorkesteret var eit samarbeid mellom Norsk Kulturskuleråd, fylkeskommunen og distriktsmusikarordninga, og orkesteret har no etablert seg på permanent basis i fylket. Symfoniorkesteret utgjer elles ein viktig arena for samspel mellom profesjonelle musikarar og amatørar.

## **8.6. Bergen Filharmoniske orkester**

Fylkeskommunen, saman med kommunane Førde, Sogndal og Gloppen har avtale med Bergen Filharmoniske orkester om symfonikonsertar i Sogn og Fjordane. Desse konsertane held eit svært høgt nivå og er eit viktig tilskot til musikklivet i fylket. Særskilt Nyttårskonserten er eit populært arrangement. I 2012 gjennomførte fylkeskommunen i samarbeid med Førde Førde kommune og Firda vidaregåande skule prosjektet "Bli Inspirert", som er eit samarbeid med BFO der skulelevar

forebur seg særskilt til utvalde konserter gjennom eit eige pedagogisk opplegg. Denne gongen var det Grieg sin Holbergsuite og Fanitullen av Johan Halvorsen som var i fokus.

## **8.7. Effektiviseringstiltak**

Overgangen til elektronisk distribusjon av skulekonsertane har vore eit viktig effektiviseringstiltak som i tillegg er mykje meir miljøvenleg enn tidlegare, ikkje minst når det gjeld bruken av papir. Skulane evaluerer no kvar einskild produksjon elektronisk, og alle innspel vert samla opp og dannar grunnlag for vår evaluering og kvalitetsvurdering av produksjonane. Den kulturelle skulesekken har også fått oppretta si eiga facebook-side, noko som har skapt ein arena for samhandling og informasjon særskilt retta mot yngre brukargrupper. Fylkesatlas.no er også ein viktig kartdatabase når det gjeld lokalisering av skulane som vi vonar kan blir ein nyttig ressurs for utøvarane. I tillegg nyttar vi også til ein viss grad sites.google.com som eit nettbasert turnéleggingsverktøy. Sidene fungerer som reiserute for musikarane der også karttenesta maps.google.com også vert integrert.

## **9. DEN KULTURELLE SKULESEKKEN (DKS)**

### **9.1. Kulturformidlinga i DKS**

#### **Grunnskulen**

Den kulturelle skulesekken har tilbod til alle grunnskulane i fylket. Alle elevane fekk 3 – 4 tilbod. Tilboda er fordelt på musikk, scenekunst, visuell kunst, litteratur, film og kulturarv.

Av turnear 2012 kan vi nemne mellom anna danseframsyninga «Askeladden på nye eventyr». Denne blir turnert i heile fylket fordelt over to år og har fått svært gode tilbakemeldingar. På konsertane «Ekornes i 100» trollbatt perkusjonisten Kenneth Ekornes i ei musikalsk reise, og forfattaren Kristian Kappelrud motiverte nye lesargrupper gjennom framsyninga «Tegnets forsvarere».

#### **Vidaregåande opplæring**

I 2012 hadde vi to tilbod, begge for vg3. Turneen «Radiobølgjer», knytt til Rolf Haugen si radiosamling, og «Til ungdommen», ein dokumentarfilm om fire politisk engasjerte ungdommar frå fire ulike parti. Første-års lærlingar fekk i februar 2012 kulturtildot i samband med regionvisse lærlingsamlingar.

### **9.2. Heimeside - KSYS**

Nettportalen sfj.ksys.no er den viktigaste reiskapen både for kontakt og informasjon mellom skulane, kommunane, fylkeskommunen og dei ulike utøvarane. Kvar skule har eigne sider på denne portalen og alle vert oppmoda om å ta i bruk materiellet som er tilrettelagt i samband med turneane.

### **9.3. Facebook**

Facebook er eit medium som har auka bruk og DKS nyttar eiga side i informasjonsarbeidet.

### **9.4. Konferansar og møte**

#### **Dagskonferanse**

23.april arrangerte DKS i samarbeid med Norsk kulturråd ein konferanse for musea i fylket med drøfting av korleis ein kan legge til rette kulturarv for DKS.

#### **Nettverksmøte og fellesmøte med UKM og kulturskulane**

Nettverkmøta for DKS er ein viktig arena for drøfting av saker som er felles for dei ulike fylka.

19.-20.september vart det første arbeidsseminaret mellom DKS, UKM og Norsk kulturskuleråd arrangert med tema: «Felles barn og felles ansvar». Dei ulike nasjonale aktørane har også sine nettverksmøte. (Rikskonsertane, Norsk kulturråd, Nasjonalmuseet, Norsk forfattersentrum mfl.) Aktørane er viktige samarbeidspartar for å vurdere og programmere tilbod til DKS.

#### **Møte med skular og kommunar**

Våren 2012 gjennomførte vi nokre møte med skular og kommunar. Desse møta var knytte til framsyningar i DKS, og vi tok mellom anna opp spørsmål som korleis DKS kan knytast tettare til skulearbeidet og korleis sikre god forankring av ordninga.

#### **DKS-konferansen**

12.-13.september vart det arrangert den årlige DKS-konferansen i Førde. Konferansen er retta inn mot alle som arbeider med DKS på skulane og i kommunane, og hadde totalt 87 deltagarar.

Delar av den var lagt til det nyopna Sogn og Fjordane kunstmuseum. Direktør i Rikskonsertane, Turid Birkeland, stod for opning og informasjon frå Rikskonsertane. Film var tema både for grunnskulen og vidaregåande skule med foredraget «Film i skulesekken» for grunnskulen, og presentasjon av undervisningsopplegg knytt til filmen «Til ungdommen» for vgs. Det var òg presentasjon av Språkåret 2013 og Fylkesjubileet for Sogn og Fjordane.

## 9.5. Oppsummering

DKS er ei god og viktig satsing på kulturformidling for born og unge. Det er viktig å utvikle ordninga vidare mellom anna ved å:

- betre kontakten med skulane, mellom anna ved å arbeide for å auke oppslutninga på DKS-konferansen og sjå på innhaldet i denne.
- synleggjere DKS – både på skulane og i samfunnet generelt.
- gje god oppfølging til kulturkontaktane og motivere alle tilsette i skuleverket til dette viktige kultur- og danningsarbeidet.

- arbeide for at DKS skal dekkje alle trinna i vidaregåande skule.
- auke og betre samarbeidet mellom DKS, UKM og kulturskulane.



Framsyninga «Askeladden på nye eventyr» har turnert i grunnskulen i 2012.

## **10. UNGDOM**

### **10.1. UKM**

Kulturavdelinga er arrangør av Ungdommens Kulturmønstring, UKM. UKM viser breidda av ungdomskulturen i Sogn og Fjordane. Om lag 1200 ungdomar frå alle kommunane i fylket deltek på mønstringa. Kvaliteten på innslaga er jamt over svært høg. Det er kvar år om lag 400 ungdomar i alderen 10 til 20 år som deltek på fylkesmønstringa.

Operahuset Nordfjord arrangerte UKM fylkesmønstringa for tredje år på rad på Nordfjordeid 20.-22. april i samarbeid med kulturavdelinga. Mønstringa starta fredag og vart avslutta søndag,. Det var 4 sceneframsyningar, kunstutstilling og videoproduksjon. NRK dekka alle fire framsyningane og sende dei direkte på NRK nett TV. NRK sin kameraproduksjonen vart gjennomført ved hjelp av elevar og lærar ved Sogndal vidaregåande skule, medielina.

Frå fylkesmønstringa plukka ein jury ut 21 ungdomar i alderen 13 til 20 år som deltok på landsmønstringa i Trondheim 23.-26.juni.

### **10.2. Kulterkort for ungdom**

Det vart i 2011 etablert kulterkort for ungdom. Kulterkort for ungdom vart lyst ut to gonger i 2012, 15. mars og 1.sept. Dei 23 søkerane som søkte innafor fristen, fekk løyvingar i 2012.

### **10.3. Ungdomspolitisk utval /Fylkesting for ungdom**

Kulturavdelinga har sekretariatsansvar for ungdomspolitisk utval og tek saman med dei ansvar for gjennomføring av eit årleg Fylkesting for ungdom. I 2012 valde ungdomspolitisk utval å utsetje Fylkesting for ungdom i oktober gå grunn av for lite påmelding frå dei kommunale ungdomsråda. Problemstillinga vart teke opp på KS sin ordførarkonferanse i oktober.

Ungdomspolitisk utval er sett saman av 5 ungdom og 5 varamedlemar frå heile fylket. Desse vert valt av Fylkesting for ungdom.

I tillegg fylkesting for ungdom, arrangerer Ungdomspolitisk utval ein årleg nettverkskonferanse for ungdomsråda i kommunane. Føremålet med nettverkskonferansen er at ungdom skal møtast, utveksle erfaring om arbeidet i dei kommunale ungdomsråda, få opplæring og knyte kontakt.

Ungdomspolitisk utval har hatt eit aktivt år.

Ungdomspolitisk utval har hatt 6 ordinære møter. Mykje av tida på møta går til planlegging av nettverkskonferanse og fylkesting for ungdom, gjennomgang av kontakt og status i fadderråda er fast post på møta.

I tillegg har ein hatt kulterkort tildelingar til handsaming, diskutert skulestruktur i fylket, diskutert kva hovedoppgåvene til Upu skal vere og sendt notat til fylkesutvalet om dette. Upu har også samarbeidd med fylkesmannen om «Sjumilssteget».

Dei har vore på Møre og Romsdal og Hordaland sine fylkesting for å observere, på ein ungdomskonferanse om klima og næring som finansminister Sigbjørn Johnsen inviterte til, studietur til Brussel i regi av Aktiv Ungdom og dei deltok på ungdommens storting.



*Frå venstre: Vilde Tøfte Ørsetun, Benjamin Hellersen Heimset, finansminister Sigbjørn Johnsen, Ingrid Øien.  
Foto: Finansdep.*

## 11. UTVIKLING AV KULTURMINNEVERDIANE

Fylkeskommunen har ei viktig oppgåve i arbeidet med å ta vare på kulturarven og bidra til at kulturminne og kulturmiljø kan gje både dagens og komande generasjonar kunnskap og opplevelingar.

I den fylkeskommunale kulturstrategien er eit av måla i kulturpolitikken å skape entusiasme og oppslutning om kulturminne og kulturmiljø. Dette er også eit viktig mål i den nasjonale kulturminnepolitikken, som legg vekt på at kulturminna skal vere med på å skape verdiar i levande lokalsamfunn. Det er eit mål for fylkeskommunen at kulturminna vert ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane i framtida.

I 2012 har vi særleg satsa på arbeidet med utvikling av lokale kulturminneplaner og deltaking i prosjekt der kulturminne har eit tydeleg verdiskapingspotensiale.

### 11.1. Arealplanar

I løpet av året har eit større tal med arealplanar blitt handsama etter Plan- og bygningslova, Energi- og vassdragslova og Lov om kulturminne. Dette er i stor grad reguleringsplanar, kommuneplanar og dispensasjoner frå kommuneplanane og konsesjonssaker. Kulturavdelinga opplever i stor grad å vere involvert i større og lengre planprosessar, nokre av desse kan strekkje seg over fleire år.

### 11.2. Arkeologiske registreringsundersøkingar

I samband med kulturminneregistreringane på Kvåle i Sogndal avdekkja fylkeskommunen tre lokalitetsflater som inneheld restar etter det kjende mellomaldertunet som har lege på Kvåle gard. Vi fann mellom anna restar etter fleire bygningar med stein som fundament,

bryggestein, ei mogeleg flatmarksgrav, produksjonsstader for tjærebrenning og jerntilverknad, stolpehol og kokegropar.

På Solheim i Brandsøyna i Flora kommune gjorde fylkeskommunen funn av ein steinalderlokalitet og ei gravrøys. Steinalderlokaliteten låg om lag 10 m.o.h., i sørrendt terren, noko som er karakteristisk for steinalderbusetnaden i dette området.

Fylkeskommunen gjennomførte arkeologiske registreringar i samband med nye traseaval på Ørskog – Fardal kraftlinja, mellom Naustdal og Eikefjorden og frå Sørdalen til Ålfoten i Bremanger. Registreringa omfatta 4 mil trase, samt anleggsvegar og base/riggområde. Flere funn vart gjort både av førhistoriske og etterreformatoriske kulturminne. Funntyngda låg til trasevalet mellom Naustdal til Eikefjorden.

Funna avspeglar primært utnyttinga av utmarka i førhistorisk tid. To blokkhellarar var registrert. Eldstader inne i hellerane er C14 datert til vikingtida. Hellerane har mest sannsynleg fungert som rastepllassar eller gjetarbuer. I tillegg vart det registrert to tjøremiler.

Ei arkeologisk registrering vart og gjennomført i samband med områdeplan for Florølandet Nord. Undersøkingsområde omfatta den nordlege halvdelen av øya Rota, samt holmane aust for Rota, Sandvikskjeret og den vestligaste delen på øya Grønenga. Fire automatisk freda kulturminne, i form av to steinalderlokalitetar, tre gravrøyser og eit ryddingslag, vart påvist innanfor planområde. Kulturminna spenner i tid over ein periode på 7500 år.



Foto: Ingebjørg Njøs Storevik/SFF

Steinalderlokalitetane er forholdsvis små og må tolkast som mellombelse opphaldestader i eit nettverk av opphaldestader, basert på utnytting av sesongspesifikke ressursar. Gravrøysene kjem frå ein tidsperiode der menneska har vorte bufaste og jordbruket er godt etablert.

Ryddingslaget datert til mellomalderen på Gaddholmen er ein synleg rest etter ein svært viktig driftsform, som har sett sitt sær preg på kystområda i heile Noreg. Systematisk brenning av einer og buskas, for å betre beitetilhøva, har dyrka fram lystheiene me har langs kysten.

### 11.3. Ruinprosjektet på Selja

Restaureringa av Selje kloster i regi av Riksantikvaren sitt Ruinprosjekt heldt fram. Fylkeskommunen bidreg økonomisk til ei prosjektleiarstilling med fokus på utvikling av kulturminneverdiane og verdiskaping.

Ved Seljumannamesse søndag 8. juli kom miljøvernminister Bård Vegar Solhjell til Selje for å markere at tårnet på Selje kloster og helgenanlegg er ferdig restaurert og Riksantikvar Jørn Holme opna utstillinga «Ruin arbeidaren», som del av Riksantikvarens hundreårsjubileum i år. I forkant av denne markeringa sette fylkeskommunen opp to informasjonsskilt.

### 11.4. Gulatinget i EU-prosjekt

Fylkets store tingstad, Gulatinget, er ein av tingstadene som er med EU-prosjektet The THING Project som vart avslutta i 2012. Med i prosjektet har vore tingstader frå Island, Færøyane, Shetland, Orknøyane, Nord-Skottland og Isle of Man. Overordna mål er å utveksle kunnskap samt å spesifisere, utvikle og teste nye og forbetra tenester for å drive berekraftig forvalting og verdiskaping av dei nordeuropeiske tingstadene. I 2012 var det Sogn og Fjordane fylkeskommune sin tur til å vere vertskap for partnarmøtet. Dette vart markert med ein open tingstadkonferanse i Balestrand 12-14.juni. Informasjonen om tingstadene vert formidla via sosiale media som Facebook og Web sider, og

det blir utarbeidd felles formidlings-, kommunikasjons- og forvaltingsstrategiar.

### 11.5. Tilskot til freda bygg og anlegg

Sogn og Fjordane har om lag 240 bygningar som er freda ved eigne vedtak. , Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for dei vedtaksfreda bygga i privat, kommunal og fylkeskommunal eige. Fylkeskommunen mottek årleg statleg tilskot til restaurering og vedlikehald på freda bygningar og anlegg. Tilskotet er basert på innkomne søknadar frå dei private eigarane til fylkeskommunen. .

#### Oversikt over tildelte midlar 2012

Post	Omsøkt beløp i kr	Tildelt fra RA
<b>72.2 Freda bygg og anlegg</b>	9 271 500	4 000 000,-
<b>72.4 Kystkultur</b>	5 038 000,-	1 100 000,-
<b>72.5 Kulturmiljø</b>	100 000,-	100 000,-

Tilskota frå post 72.2 vart fordelt på sju restaureringsprosjekt, av desse gjekk storparten av tilskota til dei tre store prosjekta: Yris hotell på Eid, Sveen gard i Gauldal og futegarden på Bruland i Førde. Tilskot frå post 72.4 Kystkultur vart gjeve til tre større prosjekt; Rugsund handelsstad i Bremanger, Hagevik tønnefabrikk i Vågsøy og Svanøy hovedgård i Flora. Dette er ei oppfølging av pågåande istandsettingsprosjekt og del av det strategiske arbeidet for å nå målet om at alle freda bygg skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Tilskotet frå post 72.5 Kulturmiljø vart nytta til å utarbeide ein skjøtselsplan for delar av det områdefreda arealet rundt Kaupanger stavkyrkje og Kaupanger Hovedgård.

I tillegg til oppfølging av dei store prosjekta har fylkeskommunen følgt opp eigarar og handverkarar med råd og rettleiing under mindre restaureringstiltak. Dette for å sikre eit høgt fagleg nivå på alle restaureringar på freda bygningar i fylket.

## 11.6. Fredingssaker

I byrjinga av 2012 vart framlegg om freding av garden Osmundnes i Gloppen sendt Riksantikvaren for vedtak.

Riksantikvaren vedtok freding av to anlegg i privat eige i 2012, Lensmannsgarden Tingvoll i Stryn og Sellevåg Treskofabrikk. Fredinga av Sellevåg Treskofabrikk var markert med eit eige arrangement i regi av kommunen.

Riksantikvaren vedtok og ei mellombels freding av Framfjord talkmølle i Vik kommune. Denne saka vert handtert av Riksantikvaren.



Magne Selleråg med diplomet som syner at Sellevåg treskofabrikk er freda. Biletet syner frå venstre Mary Littlekarlsøy, Riksantikvar Jørn Holme, Magne Selleråg, ordførar i Gulen Hallvard Oppedal og fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad. Foto: Arlen Bidne/SFF

## 11.7. Fredingsgjennomgangen

Arbeidet med fredingsgjennomgangen starta opp i januar 2010. Fylkeskommunen har her gått igjennom alle dei vedtaksfreda bygningane i fylket som vart freda før 1979. Føremålet med fredingsgjennomgangen er m.a. å tydeleggjere omfanget og formalet med fredinga av den einskilde bygningen. Arbeidet vil bli ferdigstilt i 2013.

I samband med fredingsgjennomgangen har Riksantikvaren, i samråd med fylkeskommunen oppheva fredingsvedtaka for Bakke-Maristova i Lærdal, Vigdalsstolen i Luster og Kjørnes i Sogndal. Felles for alle desse bygningane/anlegga er at dei antikvariske verdiane i bygningane over tid har gått tapt. Såleis er ikkje føremålet med fredinga lenger er tilstades.

## 11.8. Verdsarv

Norge har 7 stader innskrivne på UNESCO si verdsarvliste. To av desse ligg i Sogn og Fjordane. Dette er Urnes stavkyrkje og Nærøyfjorden (del av Vestnorsk Fjordlandskap). I tillegg vart kvernsteinsbroa i Hyllestad nominert til verdsarvlista i november 2010.

### Nordisk verdsarvkonferanse

Den nordiske verdsarvkonferansen vart arrangert i Finland 3.–5. oktober. Fylkesvaraordførar Jenny Følling deltok på konferansen saman med ordførar i Vik, Marta Finden Halset, Leif Inge Underdal i Opplev Undredal og Erling Oppheim i Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Tema for konferansen var kapasitet og kompetanse – og korleis auke begge desse. Målet var å definere korleis ein ved å auke kapasitet, kompetanse og medvit, kan integrere verdsarvkonvensjonen til UNESCO i dei nordiske samfunna.

### Urnes stavkyrkje

Fylkeskommunen har ferdigstilt arbeidet med Forvaltningsplan for Ornes i Luster kommune. Forvaltningsplanen gjev føringar for den vidare ivaretakinga/forvaltinga av området, samt har fokus på potensialet for vidare utvikling. Planen vart handsama politisk i fylkestinget 11. desember 2012.

## *Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden*

Fylkeskommunen mottekk årleg statlege tilskot til restaurering og sikring av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, til vidarefordeling mellom sokjarane. Fylkeskommunen fekk i 2012 kr. 1 300 000,- i tilskot til ulike prosjekt i verdsarvområdet, av desse fleire tiltak på Nedbergo og på Bakka.



Nedbergo, Foto Arlen Bidne

I fleire år har Nærøyfjorden Verdsarvpark arbeidd med ein restaureringsplan for verdsarvområdet. Prosjektet har vore initiert av fylkeskommunen som deltek i styringsgruppa saman med verdsarvparken, Aurland kommune, Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Føremålet med restaureringsplanen er å sikre at istandsetjinga av verneverdige bygningar i verdsarvområdet vert eit eksempel på beste praksis. I tillegg er det eit mål at planen skal kunne bidra til at det vert lettare for eigarane å få tilskot frå dei ulike tilskotsordningane.

Første utkastet til planen vart sendt styringsgruppa i desember 2012.

Kulturavdelinga har delteke som bositjar på møta i Verdsarvrådet. Vidare har me bidrige med uttalar, råd og rettleiing i samband med istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet.

*Kvernsteinsbrota i Hyllestad*

Noreg samarbeider med fem andre land om å få skrive inn kulturminne og stader frå vikingtid på UNESCO si verdsarvliste. Kvernsteinsbrota i

Hyllestad er del i den transnasjonale serienominasjonen av «Viking Age Monuments and Sites» der til saman åtte forskjellige stader frå seks forskjellige land er nominerte. Desse strekker seg frå Nord-Atlanteren i vest til Austersjøen i aust, og representerer samansette og mangfaldige uttrykk frå vikingtida. Frå Norge er også skipshaugane i Vestfold nominerte.

Det er forventa svar på Unesco-nominasjonen sommaren 2015. Riksantikvaren koordinerer arbeidet med dei norske nominasjonane. Fylkeskommunen og Hyllestad kommune er representert i interimsrådet som vil følgje nominasjonsarbeidet dei komande åra.

## **11.9. Kulturminne frå nyare tid**

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i arbeidet med å fremje heilskapleg forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i heile fylket. Kulturminne frå nyare tid, dei etterreformatoriske kulturminna, er spesielt talrike. Arbeidet med å få fram gode arealplanar er med på å legge eit godt grunnlag for at fleire av desse kulturminna og omgjevnadane rundt kan takast vare på. Område og bygningar som gjennom gode planprosessar har fått eit vern, kan dermed få noko større merksem og vere ein ressurs i det lokale og regionale utviklingsarbeidet.

Det vart i 2012 løyvt kr 100 000 i fylkeskommunale midlar til kulturminnevern. Desse midlane er knytt til langsiktige avtaler om skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne. (dette avsnittet samsvarar ikkje med overskrifta her)

## **11.10. Kurs i søknadsskriving**

22. oktober vart det arranger kurs i skriving av søknader til Kulturminnefondet. Dette for å stimulere og hjelpe dei som har planar om å søkje støtte til å setje i stand kulturminne. Private eigarar, frivillige organisasjonar og kommunar kan søkje om midlar frå fondet. På kurset var

deltakarar som var der som privatpersonar eller som representerte grendalag, stiftingar, kommunar og landbruksforvaltninga. Kulturminnefondet har registrert ein markant auke i tal søknader frå Sogn og Fjordane etter kurset.



Kurs i søknadsskriving, Foto: Jenny Ann Magnusson/SSF

### 11.11. Lokale kulturminneplanar

Arbeidet med prosjektet lokale kulturminneplanar tok til august 2012. Målsettinga for prosjektet dette året har vore at minimum 6 kommunar skulle ha vedteke å gå i gong med lokal kulturminneplan. Innan utgangen av året har 17 kommunar gjort slikt vedtak og ytterlegare 7 kommunar har sett i gong førebuing administrativt med tanke på politisk vedtak på nyåret 2013. Arbeidet med politisk forankring lokalt i kommunane har vore høgt prioritert hausten 2012. Dette for å sikre at flest mogleg av planane blir forankra i dei lokale planstrategiane. Arbeidet har vore tidkrevjande, med mykje reise- og møteverksemd ute i kommunane. Nokre kommunar har også kome konkret i gong med prosjektet og fylkeskommunen prøver så langt som råd er å vere til hjelp i denne prosessen, gjennom fagleg råd og rettleiing, deltaking på lokale møter, informasjon og kurs.

Det har også vore jobba mykje med å marknadsføre prosjektet. Det er laga ein eigen kommunikasjonsplan for dette. Prosjektet har fått eiga heimeside, facebookside og twitterprofil. Lokale kulturminneplanar har hatt nokre oppslag i lokale media og vore presentert

på NOKU sin kulturkonferanse på Skei i september.

Prosjektet har innleia samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, DKS, fylkesarkiv og fylkesbibliotek. Det er også tett dialog med Riksantikvaren om utviklinga av prosjektet både på fylkesnivå og i dei einskilde kommunane

### 11.12. Kongevegprosjektet

Fleire strekningar på Kongevegen over Filefjell har over lang tid vore nytta som turvegar. Tankane bak prosjektet «Kongevegen over Filefjell» er å sjå om det er mogeleg å knyte desse saman til ein om lag 11 mil lang tur -og sykkelveg mellom Lærdalsøyri i Sogn og Vang i Valdres. Vegen skal inngå i reiselivssatsinga på begge sider av fjellet. Prosjektet vart i 2012 plukka ut til å vere med i det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet og fekk støtte frå Riksantikvaren på kr. 600 000. Samarbeidspartane Statens Vegvesen, Vang kommune, Lærdal kommune, Valdres Natur- og kulturpark, Valdresmusea, Musea i Sogn og Fjordane, Tyin, Vang og Filefjell Reiselin, Berekraftig Reiselin Lærdal, Oppland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har no inngått ein samarbeidsavtale for gjennomføring av eit hovudprosjekt. Fylkeskommunane i Oppland og Sogn og Fjordane bidreg med årlege summar på kr. 300 000 i prosjektet.

### 11.13. Kystpilegrim Rogaland – Nidaros

Det er i 2012 lagt grunnlag for eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane og bispedømeråda frå Rogaland til Nidaros for realisering av ei kystpilegrimslei frå Rogaland til Nidaros. Kystpilegrimsleia skal vere ein samanhengande reiserute langs kysten, ein pilegrimslei (Pilegrimsleiar - St. Olavsvegane til Trondheim) og ein Europeisk kulturveg. Bruk av vegen skal fremme kunnskap om historie og

kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og tilrettelegging for bruk og vern av kulturarven. Eigenarta ved den kristne trua og kyrkjehistoria skal danne grunnlag for ein djupare oppleveling med vekt på pilegrimstradisjonar, pilegrimsliv og kyrkjeliv. Det er også eit mål at Kystpilegrimsleia skal inngå i nasjonal og internasjonal reiselivssatsing.

#### **11.14. Reiseliv i industriens vogg-eit nettverksamarbeid gjennom ERIH**

European Routes of Industrial Heritage - ERIH, er eit europeisk reiselivsnettverk som viser Europa sin industriarv i eit reiselivsperspektiv. 850 eksisterande og nedlagte industristadar i 32 land representert i stiftinga. Det er no sett i gong eit nettverksamarbeid med målsetjing om å etablerer ein reiserute gjennom Hordaland og Sogn og Fjordane. I Sogn og Fjordane er det industristadane i Askvoll, Høyanger, Hyllestad og Bremanger som til no er med i prosjektet.

Fylkeskommunen har følgt oppstartig av arbeidet gjennom året og er invitert til å delta i styringsgruppa for prosjektet.

#### **11.15. Tilskot til fartøyvern**

I tilskotsåret 2012 vart det løyvd kr 100 000 til fartøyvern. Det kom inn totalt 6 søknader, med ein samla søknadssum på 1,3 mill.

Tilskota for 2012 vart fordelt med kr 50 000 på kvar av fartøya M/S Stangfjord og D/S Stavenes. Fartøyvern er eit langsiktig og kostnadskrevjande arbeid som er heilt avhengig av entusiastane og den frivillige dugnadsinnsatsen. Bidraget frå det offentlege vil vere ei oppmuntring og hjelp i arbeidet.

#### **11.15.1. Tilskot til Musea i Sogn og Fjordane**

Gjennom St.meld. nr. 22 (1999-2000) har staten utforma sin museumspolitikk. Her er det innført ei grense for dei offentlege tilskota til musea, på maksimum 60% statleg finansiering og minimum 40% regionalt/kommunalt tilskot.

Musea i Sogn og Fjordane fekk i 2011 eit statleg tilskot på 23,886 mill. kroner. Dette vart følt opp med ei fylkeskommunal løyving på 11,937 mill. kroner.

Det ligg store forventningar til den samla museumsaktiviteten i Sogn og Fjordane, ikkje minst i det å vere moderne samfunnsinstitusjonar med eit breitt engasjement. I Sogn og Fjordane har musea ansvar for eit sett kommunar, i tillegg til at det vert forventa at dei engasjerer seg fylkesdekkjande innan tematiske ansvar.

Nybygget til Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart teke i bruk hausten 2012. Opningshelga var meir enn 1000 menneske innom og fekk med seg nye utstillingar.

#### **11.16. Norsk Kvernsteinssenter konsolidert under Musea i Sogn og Fjordane**

Norsk Kvernsteinssenter i Hyllestad skal frå 2013 inngå som ny avdeling i Musea i Sogn og Fjordane. Avtalen vart signert i Førde 22.06.12. Ei konsolidering mellom dei to institusjonane gjev mogelegheiter for auke i dei offentlege løyvingane til Musea i Sogn og Fjordane. Norsk Kvernsteinssenter får meir føreseielege økonomiske rammer for drifta ved ei konsolidering. Viktige oppgåver for ivaretaking av verdsarvverdiane i kvernsteinslandskapet blir i tillegg ein integrert del av ansvarsfeltet til Musea i Sogn og Fjordane.

### **11.17. Kulturminnepris til eldsjel frå Sogn og Fjordane**

Under Riksantikvaren sitt 100 årsjubileum vart det delt ut delte ut kulturminnepris til eldsjela Geirr Vetti frå Sogn og Fjordane. Prisen vart delt ut for første gong i år. Geirr Vetti har lagt ned ein formidabel innsats for istransettning av eldre bygningar og kulturlandskap i fylket. Blant anna har han vore sentral i arbeidet med å setje i stand fjellgardane Fuglesteg og Ormelid i Luster.

## **12. ABM SOGN OG FJORDANE**

### **12.1. THING Project**

ABM har vore ein aktiv støttespelar i tingstadprosjektet, eit samarbeidsprosjektet med partnarar frå Noreg, Island, Færøyane, Shetland, Orknøyane, Skottland og Isle of Man. ABM har vore med og utvikla tekniske nettbaserte løysingar for dei ulike prosjektpartnarane. Prosjektet vart ferdigstilt ved utgongen av 2012 og var finansiert av EUs Northern Periphery Programme.

### **12.2. Semantisk Samhandling**

Prosjektet frå 2011 «Semantiske teknologiar i kulturformidlinga» med Oslo Kommune og Vestlandsforskning har halde fram også i 2012. Målet har vore å teste ut/ta i bruk opne lenkja data i fotoformidlinga. Fylkesarkivet har sokt om ny støtte frå Kulturrådet til å vidareføre arbeidet gjennom eit treårige prosjekt med oppstart 2013.

### **12.3. Tidsaksen**

I samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane jobba ABM-teamet i 2012 med å utvikle ein digital tidsakse som er tenkt å vera eit hjelpemiddel i den pedagogiske formidlinga både ved musea, på skulane og for andre interesserte. Tidsaksen vert lansert i 2013.

### **12.4. Wikipediakurs**

I 2012 vart fylka i landet oppmoda om å halde kurs i Wikipedia for kunst- og kultursektorane. Vi fekk støtte til å arrangere to kurs, eit på Leikanger og eit i Førde, hausten 2012. Vi hadde med oss ein kurshaldar frå Vestlandsforskning og deltakarane var først og fremst frå dei ulike musea i Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet, Fylkesbiblioteket og Kulturavdelinga..

### **12.5. Kulturnett Sogn og Fjordane**

Blant faste arbeidsoppgåver er drift og utvikling av Kulturnett Sogn og Fjordane. ABM Sogn og Fjordane har i tillegg drifta nettsider for fleire andre aktørar. ABM-teamet har også hatt fortlopende vedlikehald, utlegging og oppdateringar av artiklar på Kulturhistorisk Leksikon.

### **12.6. Kulturbloggen**

Denne vart starta opp i juni 2011 med det som mål å skape ein arena for kulturdebatt og -dialog. ABM er koordinator for tiltaket og har i 2012 jobba vidare saman med kultursektoren for å halde bloggen i gong. Det kom totalt 28 blogginnlegg i 2012. Bloggarane er frå i stor grad frå Kulturavdelinga, Fylkesbiblioteket, Fylkesarkivet og Musea i Sogn og Fjordane. I tillegg er ein del innlegg frå

gjestebloggarar. Nokre av innlegga har skapt debatt og vorte plukka opp av lokale og dels nasjonale medium.

## 12.7. Sosiale medium

ABM Sogn og Fjordane er aktiv på sosiale medium og Kulturnett Sogn og Fjordane har eigne Facebook-sider og Twitter-konto. Saker frå Kulturnett, Kulturbloggen, Kulturkalenderen og relevant informasjon frå arkiv, bibliotek og museum vert vidareformidla jamleg, og profilane vert oppdatert minst ein gong i veka. I tillegg til dette har vi oppretta ein Flickr-konto for å kunne følgje med på og vidareformidle bilete frå museum og arkiv i inn- og utland.

## 12.8. Kulturkalenderen

Det vart tidleg i 2012 signalisert at Kulturrådet ville avvikle støtta til Kulturkalenderen, og denne har difor vorte halde ved like, men nedprioritert i 2012.

## 13. FYLKESJUBILEET 2013

Planlegginga av fylkesjubileet skaut fart med tilsettinga av prosjektleiar for jubileet frå mai 2012. I hovudkomiteen er fylkesordføraren leiar og i komiteen sit leiar i hovudutval for kultur, KS-leiar, Fylkesmann og ein representant for kyrkja.

Første versjon av jubileumsprogrammet vart presentert 19.sept., og programmet blir løpande oppdatert på [www.sfj250.no](http://www.sfj250.no). Målsettinga er eit jubileum der heile fylket er med, og som presenterer historia, kva vi er gode for i fylket no og framtida for fylket.



## 14. TUSENÅRSSTADEN GULATINGET

Gulatinget har ein sterk posisjon internasjonalt som ein av dei aller viktigaste tingstadene, ikkje minst fordi det meste av Gulatingslova er bevart og denne tradisjonen med regionale tingsete starta i Sogn og Fjordane på 800-talet. Vi lever i ei tid der konfliktar rundt i verda framleis er sterke. Det er difor naudsint og viktig å formidla verdiane og kulturarven som Gulatinget representerer. Deltaking i EU-prosjektet “The

THING Project” med tingstader frå Island, Færøyane, Shetland, Orknøyane, Nord-Skottland og Isle of Man har vore vellukka. Det treårige prosjektet vart sluttført i 2012, med resultat at sterke kontaktar er etablert for framtida mellom landa. Tusenårsstaden Gulatinget legg opp til samarbeid med kulturliv, skuleverk og andre instansar i heile fylket.

## **15. SOGN OG FJORDANE FYLKESBIBLIOTEK**

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek er eit service- og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket. Fylkesbiblioteket arbeider med lokal bibliotekutvikling for å skape robuste og omstillingssyktige bibliotek som kan gi gode bibliotektenester til innbyggjarane i fylket. I tillegg tar ein initiativ til og organiserer fellestener og -tiltak for oppgåver som best er løyst på regionalt nivå.

Fylkesbiblioteket har 7,6 stillingar, Fylkesbiblioteket arbeider etter Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014. Basert på denne utarbeider ein kvart år ein eigen handlingsplan, som til liks med strategiplanen er delt i dei tre hovudområda Struktur og organisering, Kompetanse og Innhald og tenester.

### **15.1. Struktur og organisering**

Styrking av fylkesbiblioteket si rolle som kompetansesenter og regional utviklingsaktør. Fylkesbiblioteket har dei siste åra vore i omstilling, der ein i tråd med nasjonale føringar og auka krav til kvalitet på bibliotektenestene har fokusert meir på utviklingsarbeid og koordinering og mindre på driftsoppgåver.

Som følgje av vedtak i HK-sak 51/11 Fylkesbiblioteket si rolle framover har fylkeskommunen frå 01.01.2012 inngått avtale med Førde kommune om å overta ein del driftsoppgåver som fjernlån, lokalhistorisk samling og utlån av klassesett frå fylkesbiblioteket. Avtalen er førebels 2-årig, og inneber at Førde bibliotek blir kompensert med 100 000 og 40 % stilling. I tillegg får dei 100 000 som skal brukast for å sikre medieforsyninga til biblioteka i fylket.

I tråd med vedtak i same sak har fylkesbiblioteket blitt samlokalisert med Kulturavdelinga i Storehagen Atrium.

Samlokaliseringa har gitt eit større fagleg og sosialt miljø, og har gjort at fylkesbiblioteket er blitt meir synleg og inkludert i arbeidet som føregår i kulturavdelinga. Ein har fortsatt eitt kontor og magasinpllass i Førdehuset for arbeid med bokbåtsamlinga. *Etablere forpliktande samarbeid om bibliotekutvikling*

Fylkesbiblioteket starta arbeidet med det 3-årige prosjektet Saman for framtida. I prosjektet ynskjer ein å finne fram til og utvikle ulike typar samarbeid mellom biblioteka for å sikre god ressursutnytting, kompetanseutveksling og styrka evne til omstilling og utvikling, og dermed gi eit betre tenestetilbod til innbyggjarane.

Prosjektet fekk kr. 400 000 i støtte frå Nasjonalbiblioteket i 2012. Bibliotekdagane 2012 blei brukt som ein oppstartskonferanse for prosjektet, og ein har deretter hatt samtalar/intervju med førebels 20 av 26 bibliotek for å kartlegge utfordringar og mogelegheiter. Arbeidet skal vidareførast i 2013, med å konkretisere og setje i gang samarbeidsprosjekt.



*Omvising på Luster bibliotek i samband med Bibliotekdagane 2012.*

### *Fellesløysingar – utvikle samarbeid mellom alle offentlege bibliotek*

Fylkesbiblioteket har ansvar for å organisere fjernlånsamarbeidet i fylket. Som del av dette driftar fylkesbiblioteket Samsøk – ein felles søkerinngang til dei fleste bibliotekbasane i fylket. I juni 2012 inngjekk ein etter anbodsutlysing avtale med Norsk Bibliotek Transport om transportordning mellom biblioteka i fylket. Transportordninga skal sørge for effektiv utveksling av fjernlånsmateriale som bøker,

lydbøker, film o.s.v. mellom biblioteka i fylket. 24 av 26 folkebibliotek i fylket, samt høgskulebiblioteka, deltek i ordninga, som er finansiert som eit spleiselas mellom folkebiblioteka, høgskulen og fylkesbiblioteket. Fylkesbiblioteket fekk tilført 150 000 på budsjettet for å dekke uventa høgt anbod.

#### Evaluering av bokbåttenesta

I HK-sak 47/12 vart det vedteke å setje ned ei arbeidsgruppe som skal evaluere bokbåttenesta. Evalueringa skal ferdigstilla for vidare politisk handsaming innan 1. juni 2013.



Bokbåten til kai i Sandebygda i Gulen i strålende haustver.  
Foto Ingrid Drage/SFF

## 15.2. Kompetanse

Det blei gjennomført ei kompetansekartlegging blant bibliotektilsette i fylket i 2011, og ein har delvis fått analysert innsamla data. På grunn av personalsituasjonen har ein enno ikkje fått utarbeidd den planlagde kompetanseutviklingsplanen for biblioteka i fylket.

Fylkesbiblioteket arrangerer kvart år fleire kurs og konferansar, i 2012 vart dette gjennomført:

- Presentasjon av kulturfondbøker for vaksne, Førde 14. feb. 46 deltakrar frå folkebibliotek og vgs-bibliotek.
- Å sokje tilskot og prosjektmidlar, Skei 16. april. Støtta med 50 000 frå Nasjonalbiblioteket. 31 deltakrar

(biblioteksjefar og kultursjef/-konsulentar)

- Bibliotekdagane 2012, Marifjøra 22.-23. mai. 40 deltakrar frå biblioteka.
- Kurs i å formidle bøker, Førde 20. sept. Arrangert i samarbeid med Foreningen !les. 25 deltakrar frå folkebibliotek og vgs-bibliotek.
- Kurs: Biblioteket – ein plass for læring. Førde, 21. sept. Støtta med 50 000 av Nasjonalbiblioteket. 26 deltakrar frå folkebibliotek og vgs-bibliotek.
- IBBY - Årets barne- og ungdomsbøker. 51 deltakrar frå bibliotek, grunn- og vidaregåande skular.

## 15.3. Innhold og tenester

*Digitale tenester, litteratur- og kulturformidling*  
Fylkesbiblioteket brukar internett og sosiale media aktivt i arbeidet mot brukarane. Nettsidene til fylkesbiblioteket hadde 10 094 besøk og 34 671 sidevisingar. Facebooksida til fylkesbiblioteket hadde 157 følgjarar, og ca. 80 innlegg i 2012. Facebooksida for bokbåten, som er eit samarbeid med Hordaland og Møre og Romsdal, hadde 514 følgjarar. Fylkesbiblioteket er også på Twitter, og hadde 203 følgjarar og ca. 85 tweets i 2012.

Fylkesbiblioteket fekk i 2012 kr. 124 000 frå Nasjonalbiblioteket til å utarbeide Forfattarvev for Sogn og Fjordane – ei nettside med presentasjon av lokale forfattarar. På grunn av personalsituasjonen har ein fått utsetjing til 2013.

Det har lenge vore eit ynskje å få digitalisert den lokalhistoriske litteraturen som er registrert i Fjognedok-basen. Ein har ikkje kunne prioritert dette på grunn av ressurssituasjonen ved fylkesbiblioteket.

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek vart løyvd 50.000 frå Fritt Ord til ein turné med Arnhild Skre og Gro Marie Svidal, der dei formidla Hulda Garborg si rolle i norsk kulturliv. Turneen vart arrangert i samarbeid med seks bibliotek i

Nordfjord. På dei seks forestillingane var det til saman 123 tilskodarar.

Fylkesbiblioteket har ei samling med klassesett som blir lånt ut til skulane i fylket for å stimulere til leselyst og auke lesekompasen.

Fylkesbiblioteket har ansvaret for utvikling av samlinga, rådgjeving og marknadsføring, medan Førde bibliotek tar det praktiske med klargjering av bøker og utlån. I 2012 blei det prioritert innkjøp av engelske bøker og lettleste bøker på nynorsk. Totalt vart det lånt ut 5 607 bøker, fordelt på ca. 280 klassesett. Dette er ein kraftig auke frå 2011, då det blei lånt ut 3 786 bøker/190 sett.

Bokbåten Epos er eit kulturtildel som supplerer kommunane sine biblioteknester, og tilbyr i tillegg til utlån eit kulturprogram retta mot barn. I 2012 gjekk båten to turar á 17 dagar, ein i mars og ein i oktober/november. På kvar tur var det 42 stopp, storparten med utlån og kulturprogram, men ein del anten berre utlån eller berre program. Kristin Groven Holmboe var med på vinterturen med forestillinga Det var en gang en sang, på haustturen Christin Grilstad Prois med Heksagon og skyggene. Det var 2 260 personar om bord (2 244 i 2011), og 1 831 (1 758) personar på dei til saman 66 forestillingane. Totalt besøkte ein 17 kommunar. Tal på utlån vil ikkje bli klart før i mars.

Fylkesbiblioteket har god kontakt mot biblioteka, og gir råd og rettleiing ved behov – både per telefon og ved å besøke biblioteka. I

2012 har ein m.a. besøkt fleire bibliotek og hjelpt dei i gang med samlingsutviklingsarbeid.



*Robert hjelper til med kassering i samband med besøk i Bremanger, der samlingsutvikling sto på programmet*

## **16. FYLKESARKIVET I SOGN OG FJORDANE**

### **Manglar: Fylkessoga**

Fylkesarkivet sitt oppdrag er å dokumentere historia til Sogn og Fjordane. Vi skal arbeide for at viktige kjelder til fylket si historie vert tekne vare på, og formidla til alle på ein god måte.

Tenestene skal vere gratis og opne for alle.

Arbeidsåret 2012 har vore prega ein auka pågang frå publikum. Vi har over fleire år sett same tendensen: fleir og fleir ønskjer å få ut opplysningar og dokumentasjon frå Fylkesarkivet sine arkiv og samlingar. Auken i førespurnader ser vi på alle fagfelt. Bakgrunnen er både ein større interesse rundt arkiv og kjelder blant folk og ute i samfunnet (jf. NRK sin serie «Kven tror du at du er?», men også at mengda tilgjengelege arkiv aukar i omfang. Gjennom avleveringar frå offentlege organ og private verksemder vert viktig informasjon om einskildpersonar og lokalmiljø rettar tilgjengeleg i eit sikkert system, gratis for alle.

Utfordringa for Fylkesarkivet vert å handtere denne auka pågangen, samstundes som ordning og tilgjengeleggjering ikkje vert for mykje skadelidande.

#### **16.1. Tenester til kommunane**

Kommunearkivordninga er eit interkommunalt samarbeid mellom alle 26 kommunar i fylket, fylkeskommunen og Fylkesarkivet. Føremålet er å løyse arkivmessige oppgåver for kommunane. I 2012 handsama vi om lag 133 førespurnader som gjeld arkiv vi oppbevarer for kommunane og fylkeskommunen. Dei fleste kommunane og fylkeskommunen har nytta seg av rådgivingstenestene til Kommunearkivordninga i løpet av året.

Fylkesarkivet oppbevarer dei historiske formannskapsarkiva frå 23 av kommunar i fylket. Det er arkiv frå 1837 (då lokalt sjølvstyre vart innført i Noreg) og fram til om lag 1964. I

tillegg har vi fleire av fylkeskommunen sine arkiv. Mykje av ressursane våre går med til ordning og framfinning i desse sentrale kjeldene. Arkiva inneholder viktig dokumentasjon som både kommunar og privatpersonar etterspør i stadig større grad..

#### **16.2. Folkemusikk – privatarkiv**

Fylkesarkivet arbeider breitt innanfor arkivfeltet. Viktige kjelder for fylket sin historie er historiske bilete, tradisjonsmusikk og privatarkiv (lag-/organisasjonsarkiv og bedriftsarkiv)

Vi har og ein omfattande samling av lokalhistorisk litteratur tilgjengeleg på lesesalen, som pr desember 2012 omfattar ca 5.000 band.

#### **Musikk: Rolf Myklebust, NRK-veteran med stort arkiv**


Fylkesarkivet har fått midlar frå Norsk Kulturråd for å systematisere og katalogføre arkivet etter musikaren, innsamlaren og NRK-medarbeidaren Rolf Myklebust (1908 – 1990). Svært mange i fylket hugsar framleis Myklebust og radioprogrammet «Folkemusikkhalvtimen» som han leia i over tretti år. Arkivet inneholder m.a. fleire lydopptak som no er digitalisert.

Fylkesarkivet har gjort opptak på konserter og festivalar, mellom anna: fylkesappleiken (Stryn), Førdefestivalen, Kari Malmanger (Sogndal), Unni Løvlid & Draup (Førde).

#### **50 arkiv frå lag og bedrifter i Sogn og Fjordane er sikra**

Fylkesarkivet tok imot meir enn 50 nye privatarkiv i 2012. Det er eit høgt tal, og syner kor viktig denne tenesta er. Arkiva inneholder variert samfunnsdokumentasjon frå organisasjoner, verksemder, institusjonar og einskildpersonar. Vi hadde 85 førespurnader, som er ein klar auke frå 72 året før. Mange ønskjer å få tilsendt digitale kopiar av omspurd arkivmateriale. Det har synt seg som eit populært

tilbod. I 2012 var 19 GB med filer sendt ut til publikum over internett.



Framsida på Leikanger skiavis 1922

### 16.3. Utviklingsprosjekt: semantisk samhandling i kulturformidlinga.

Saman med Vestlandsforskning og Oslo byarkiv, har Fylkesarkivet sluttført eit utviklingsprosjekt om såkalt semantisk teknologi. Det vil seie at innhaldet i til dømes ein historisk fotodatabase, kan bli lesbart og «forståeleg» for datamaskiner.

Dette er ein spanande teknologi som er under utvikling, og som kan resulterer i mange spanande tenester i åra som kjem. Fylkesarkivet er tidleg ute med å eksperimentere med denne teknologien i kultursektoren. Vestlandsforskning har skrive prosjektrapport som gir ein innføring i teknologien. Prosjektet er finansiert av kulturrådet, og arbeidet skal vidareførast i eit nytt og meir omfattande prosjekt som no er under planlegging.

## **17. SOGN OG FJORDANE FYLKESSENTER FOR MUSIKKTERAPI (FSMT)**

Gjennom kurs, prosjekt, direkte arbeid ute i kommunar, større konferansar, førelesingar, nettverk og kulturfestival for utviklingshemma freistar fylkeskommunen å setje på dagsorden kulturlova sitt fokus på at alle skal ha rett til å delta på kulturaktivitetar og oppleva mangfald.

Kultur er ein ressurs for einskildmenneske og for eit lokalsamfunn. FSMT ynskjer å setje fokus på auka deltaking og tilrettelagd kultur tilbod for alle for auka trivsel, livskvalitet og førebygging.

Fylkeskommunen sin oppgåve i høve kulturlova er blant anna å syta for informerande og relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt. Dette sokjer FSMT å arbeide med etter beste evne.

Med bakgrunn frå fylkeskommunen sin kulturstrategi har fylkessenteret to satsingsprosjekt; Kultur og eldre (2008 - 2011) og MOSAIK - helsefremjande kulturtilbod for flyktningar og asylsökjarar (2010 - 2013)

Prosjekta har fokus på kompetanseheving, utviklingsarbeid og forsking. Dette føreset samarbeid med ulike institusjonar. Begge satsingsområda har samarbeidspartar som er svært viktig for arbeidet.

FSMT har lagt vekt på 2 av dei 6 prioriterte satsingsområder som Sogn og Fjordane Fylkeskommune har for kultur:

- Kunst og kultur som skapande krefter
- Kultur som drivkraft for folkehelse

Dette er utgangspunkt for FSMT sine to satsingsområde i 2012.



*Foto: Arvid Anthun/SFJ*

### **17.1. Kultur og eldre - prosjektet (2008 – 2012)**

**VEL**

Prosjektet er eit tverrfagleg treårig prosjekt 2008 – 2012. Prosjektet handlar om heilskapstenking rundt helse hjå eldre med fokus på samanhengen mellom kulturelt engasjement og helsetilstand. Prosjektet tek utgangspunkt i forståinga at kulturelt engasjement gir betre helse. Prosjektet går over i ei annan form frå og med 1.1.2014.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Førde kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Førde kommune er prosjekteigar og oppdragsgjevar.

Overordna mål for prosjektet er å fokusere på kultur og førebygging for betre helse og livskvalitet for eldre i heile fylket. Målet er også å heve kompetansen på området heilskapstenking for betre helse.

Ulike tiltak er satt i gang med kor, samarbeid med musikarar ved kulturskule og institusjon gjennom avdelingskonsertar, kunst på institusjon.

Forsking og utviklingsarbeid har vore viktige faktorar. Aud Berit Fossøy, Høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane forskar på helseeffekt ved deltaking i kor og evaluering av

kultur og eldrepresjekt. I januar 2012 kom ho ut med ein artikkel i Geriatrisk sykepleie **«Seniorkor – helsefremjande aktivitet i stødig ramme»** Førde seniorkor er utgangspunktet for denne artikkelen.

I 2012 starta FSMT saman med Førde kommune og Høgskulen i Sogn og Fjordane eit nettverk for miljøbehandling i eldreomsorg. Her deltek 20 kommunar i nettverket. Nettverket går fram til 2014 og i denne perioden skal deltakarane utarbeide ein kulturplan for sin institusjon. Nettverket har to samlingar i året.

FSMT har i 2012 halde kursdagar og forelesingar for kommunar, organisasjonar og utdanningsinstitusjonar for å setje kultur og helse på dagsorden.

## **17.2. MOSAIK – kultur for betre integrering**

FSMT er no i hovudprosjektperioden som starta 1.8.2010.



Fr 1.1.2012 er det 4 mottak i fylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å gi kulturtilbod for asylsøkjarar og innvandrarar i fylket. Prosjektet tek utgangspunkt i at kultur gir helse. Her handlar det om å inkludere musikk / musikkterapi som ein del av det psykososiale tilbodet på asylmottaka. Prosjektet er finansiert med eksterne midlar deriblant gjennom Vardar for folkehelse (folkehelse og livsutfaldning), kommunane som er med i prosjektet, Utdanningsdirektoratet og Sparebanken Sogn og Fjordane.

Målet med prosjektet er å tilby eit kulturtilbod som betrar livskvalitet og styrker psykisk helse hjå flyktningar og asylsøkjarar.

Kompetansebygging og utvikling til aktuelle yrkesgrupper om gjensidig kulturformidling og om førebygging av psykiske helseproblem for

asylsøkarar, og korleis musikkterapi kan brukast i denne samanhengen

I 2012 har prosjektet arbeidd på mottaka i Førde Florø og Jølster. Det har vore leirer for born på mottak i samarbeid med Bergum mottak. I tillegg har det vorte gjennomført eit større prosjekt i Førde kommune v/Førde barneskule og Førde kulturskule med integrering av innvandrarborn på skule og i fritidstilbod. Dette prosjektet er støtta av Utdanningsdirektoratet. Saman med Førde kommune v/norsksenteret har vi og eit prosjekt på å få vaksne innvandrarar som har fått busetnad til å bli meir aktiv på fritid: «Mangfold i fritid». Integrerings- og mangfalddirektoratet (IMDI) har løyvd 200 000 til dette. I MOSAIK ser FSMT og på problemstillingar i høve asylsøkarar og opphaldstida på mottak. Prosjektet har som målsetjing å innhente kunnskap om korleis musikkterapi kan brukast til å redusere og handtere problemstillingar knytt til psykisk stress, som vaksne bebuarar opplever i kvardagen. Prosjektet vil bli dokumentert og vidareført gjennom artiklar, kurs/undervisning og framleggingar. Extrastiftelsen Helse og Rehabilitering og Sogn og Fjordane fylkeskommune finansierer prosjektet. Solbakken mottak, Bergum mottak og Jølster mottak er med i prosjektet.

## **17.3. Nettverk /Samarbeidspartar**

For å lukkast med prosjekt- og utviklingsarbeid, og initiere forsking er det viktig med gode samarbeidspartar med god kompetanse på fagfeltet. I vårt tilfelle er dette: Nordisk Nettverk for Musikk og Eldre (Unifob/GAMUT), Sogn og Fjordane Utviklingssenter for sjukeheimar og heimeteneseter, Universitetet i Bergen, Griegakademiet, og Sogn og Fjordane NFU, Nettverk for miljøbehandling i demensomsorg for Sogn og Fjordane, Norsk foreining for utviklingshemma, Sogn og Fjordane Musikkterapiforum, Forskningsnettverk for psykisk helse og rus, Hifus – Haugland internasjonale FOU senter og Høgskulen i Sogn og Fjordane.